



1.24 Kvalsvika - Muletua

Muletua er Herøy sitt vestkapp. Her går sola ned i havet til alle årstider. *Mulevika* er ein fantastisk stad å studere havbårer, mellom opprivne kløfter ligg spennande sjørørvikar. Klippene ved Mulevika eignar seg til bratt og fast klatring.

Lett fottur på 2 km frå den vestlegaste grenda i Herøy. Du stig frå **70-253 m** på **40 min**, like greit i januar som i august, her er nesten aldri snø.



Frå *Fosnavåg* er det skilta til Nerlandsøya og Kvalsvika. Parker på høgste eidet vest for busetnaden. Stien går over Mulefjellet, der det vart tatt ut torv i ei tid då dette var viktigaste energikjelda. Du kjem opp til ei lita hytte ved Muletua og vidt utsyn på toppen. Med retur på den gamle kløvvegen oppom skogteigane, kjem du til veggen mot vassverket.

Med start frå vassverkvegen kan du gjere ein rundtur til Muletua, med retur via Barmen. Om du går om Børa og heilt til Okla, får du studert heile nordenden av Nerlandsøya.

Golleneset har eit fyr og den enklaste turstien du kan tenke deg. 10 min frå moloen i Kvalsvika. Du passerer Kjemperøysa, ei 17 m brei gravrøys.

Øvst: God tursti ved hytta på Muleneset. Der er kjekt å søke ly når vinden er hard.

Over: Raudsildre i fjøra sør for Mulevika, på veg mot Terneneset.

1.25 Storevarden - Rjåhornet

Velmerka tursti gjennom røsslyng, som følgjer det tørraste terrenget over øya. For den som likar

